

Per Gunnar Gabrielsen

FORSVAR OG FRED



Rød Valgallianse

www.pdf-arkivet.no (2020)

TOM SIDE

Per Gunnar Gabrielsen

Forsvar og fred

Rød Valgallianse
1981

TOM SIDE

Forord

Dette er et valgkamphefte. Det vil si at det er mulig å bruke det på to måter. Du kan slå opp på et tema og se hva RV mener om dette. Og du kan lese heftet gjennom og få et innblikk i hva RV mener om forsvars- og fredspolitikken i sin helhet. Problemet for oss som har skrevet dette er at innafor ramma av et hefte er det ikke mulig å tilfredsstille begge disse bruksmåtene fullt ut. Vi vil derfor anbefale deg spesielt AKP(m-l)s militærprogram, «Et sterkt, uavhengig forsvar» og «Slik er Sovjets hær» som er utgitt på Oktober forlag.

Dette er et brukshefte. Vi tror ikke du kan lese det og legge det bort. Men hvis du slår tilbake i det fortløpende, kan det brukes til å bygge opp argumenter rundt de sakene som vil stå mest sentralt i sjølve valgkampen.

Hva er våre kilder? De opprinnelige kildene, som alle bygger på, er vestlige etterretningskilder. Det gjelder f.eks. såvel International Institute of Strategic Studies som det svenske Stockholm International Peace Research Institute, IISS og SIPRI. I hovedsak er kildene amerikanske. Tolkningene av dette materialet er ulike. F.eks. anslår disse instituttene Sovjets forsvarsutgifter forskjellig. Dette henger sammen med at Sovjet ikke har troverdige egne statistikker og at det er ulike vurderinger av hva som er reelle forsvarsutgifter. I heftet bygger vi fortrinnsvis på IISS vurderinger fordi det gir samsvar mellom påståtte forsvarsutgifter og hva som faktisk er økningen av den sovjetiske militærmasšina. Det er f.eks. urimelig at Sovjet skal ha bygget opp et overtak i konvensjonelle styrker uten å prioritere forsvaret høyere enn USA. I tillegg mener vi at det trolig ligger en undervurdering av Sovjets krigsmaskin, også i de vurderingene vi gjør. F.eks. sjøsetter Sovjet uten forvarsel en ubåt som er mer avansert enn USA og Storbritannias Trident-ubåt. De gjennomfører en omfattende modernisering av stridsvogner og panservern-våpen som Vesten bare har på planstadiet. Mens Vestens planer langt på vei er offentlig tilgjengelige, kjenner vi lite til Sovjets planer. Dette fører til systematiske undervurderinger av Sovjet i propaganda og diskusjoner.

Det er mye som ikke er behandla i heftet. Rød Valgallianses kontor vil så langt det er mulig svare på henvendelser, og skaffe mere bakgrunnsmateriale. Det er blant annet derfor vi har et slikt kontor.

God valgkamp!

Rød Valgallianse

1981. For meir enn 60 år sidan var det storkrig i Europa. For 40 år sidan velta Hitler si krigsmaskin fram. I dag ser vi teikna til ein ny storkrig som kan verta grusomare og femna vidare enn dei førre krigane. Vårt århundre er imperialismen sitt århundre. Det er den imperialistiske undertrykkinga og rivaliseringa som er årsaka til krig. Ønsket om fred må derfor knytast til kampen mot imperialismen. Ønsket om fred kan først verkeleggjerast når verda har kvitta seg med rovgrisk imperialisme og kapitalisme.

Raud Valallianse meiner at ein aktiv fredspolitikk ikkje kan forsonast med imperialismen, men må støtta kampen mot imperialismen. Vi støttar den anti-imperialistiske frigjeringskrigen som geriljaen i Afghanistan fører. I Noreg arbeider vi for ein størst mulig opinion mot supermaktene Sovjet og USA. Der- som Noreg vert utsett for åtak, må den væpna motstanden vera så sterk som råd er.

Verda er truga av krig:

Sovjet og USA kivar seg imellom om kven som skal undertrykka og utbytta andre land og folk. I dei siste 20 åra har Sovjet *auka sin styrke kraftigare enn USA*, økonomisk, politisk og militært. Men det området som Sovjet har innflytelse i har ikkje auka tilsvarande. Derfor trugar kivinga mellom supermaktene verda med ein ny krig, den tredje imperialistiske *omfordelingskrigen*.

SV-leiinga hevdar at våpenopphopinga er årsak til krigsfaren. Men det er lenge sidan våpenarsenala auka ut over det nivå dei var i 1939 då 2. verdskri- gen braut ut. Andre politiske parti har sprikande og uklare vurderingar om kva årsakene til krig er.

Krigsfaren aukar og kivinga står om Europa sine ressursar. Sovjet har gjort framstøytar på syd-flanken i t.d. Etiopia, Syd-Jemen og Afghanistan. SV-leiinga nektar å sjå samanhangen, eindel seier til og med at Sovjet gjer fram- støyt for å forsvara seg sjøl. Andre politiske parti og forsvarsleiinga meiner at Europa er stabilt og at krigsfaren ikkje aukar her. Dei har eit feil syn på stoda mellom supermaktene og undervurderar krigsfaren.


Årsakene til krig ligg i

- **det imperialistiske verdssystemet.**
- **dei to supermaktene Sovjet og USA som kiver om å dominera verda.**

Sovjet — supermakt i framgang

Slik som Tyskland utløyste krigen for å erobra eit verdsherredømme frå andre imperialistmakter i dei to føregåande verdskrigane, slik er Sovjet i dag den mest offensive supermakta. Sovjet produserer i dag etter parola: «Kanoner framfor smør». Resultatet er ei opprustning utan likskap i historia. Etter 1960 har Sovjet erobra eit overtak i Sentral-Europa når det gjeld konvensjonelle styrkar. Sovjet sine divisjonar er bygde ut med sikte på lynkrig. Infanteridivi-

Hvordan verden er oppdelt — USAs og Sovjets interessesfærer.



Her ser vi USAs og Sovjets del av verdas samla verdiskaping rekna på bakgrunn av alle lands bruttonasjonalprodukt i 1978. Den totale verdiskapinga i verda er rekna til 8459 milliardar dollar. Desse tala kjem frå utanriksdepartementet i USA. Sovjetiske kjelder vil truleg rekne delen til landa i deira interessesfære til om lag 37 prosent av verdas bruttonasjonalprodukt.

sjonane er motorisert, dei har pansra stridsvogner, kjøretøy og luftmobile einingar med stor slagkraft.

Etter 1960 har Sovjet bygd opp ein kjernefysisk styrke som kan samanliknast med USA sin. USA sitt teknologiske forsprang er korta ned. T.d. har Sovjet innebygd i dei strategiske rakettane sine ei styringsmekanisme som gjer dei svært treffsikre, (MIRV-systemet). Ingen av dei to supermaktene har i dag førsteslagskapasitet, dvs. evne til å slå ut motparten sine rakettstyrkar i eit overraskings-åtak.

Den økonomiske veksten i Sovjet har i lang tid vore større enn i USA. T.d. har bruttonasjonalproduktet (BNP) til Sovjet auka frå å vera 40 prosent av USA sitt BNP til å vera 60 prosent i 1980. (1) Det er berre denne økonomiske veksten, saman med at militærinvesteringar har gått framfor andre investeringar, som har gjort Sovjet si opprustning mogleg.

Dei blodige undertrykkingskrigane som Sovjet fører viser fram ei rovgrisk supermakt. Direkte, eller gjennom stråmenn er Sovjet innblanda i tre krigar. Sovet sitt engasjement i Eritrea, Kampuchea og Afghanistan har eit omfang som på mange område overgår det USA gjorde då dei var på høgda i oppgava si som verdspoliti. Dei militære styrkane åt Sovjet spelar ei direkte politisk rolle t.d. i Polen. Sovjet har framleis 70 000 soldatar i Tsjekkoslovakia for å «tryggja sosialismen si sak».

Sovjet er

- **ei supermakt i framgang.**
- **ei aggressiv og gjennom militarisert supermakt.**

USA — ei imperialistisk supermakt.

USA kjempar for å halda på dei områda der dei har makt og for å halda på den imperialistiske profitten dei syg ut av mange land. Dette forklarar t.d. det politiske engasjementet USA har i Latin-Amerika. Militærmakta USA fekk ein knekk i Indokina. Ein verdsopinion sto samla bak kravet om amerikansk tilbaketrekking frå Indokina. Den amerikanske opinionen / USA var viktig. Dette er med på å klargjera kvifor USA i dag ikkje går til invasjon i El Salvador, noko som ville ha vore sjølvsagt for den politiske leiinga på 50- og 60-tallet. USA er ei supermakt som har stagnert, slik som England og Frankrike var det på 30-talet.

USA er

- **ei imperialistisk supermakt.**
- **men ei supermakt på nedgang.**

Kamp for freden

Ein fredspolitik må bygga på kunnskap om årsakene til krig, på ei vurdering av kva krefter som trugar freden. Elles blir fredspolitik blind, og kan til og med virka mot hensikta.

Det er ikkje dei vonde lystene til menneska eller det at det finst våpen som i seg sjøl fører til krig. Det er det imperialistiske verdssystemet som med nødvendige fører til stendig nye omfordelingskrigar. I dag går det føre seg ei intens rivalisering mellom dei to imperialistiske supermaktene Sovjet og USA, om kven av dei som skal vera mektigast i verda. Dei nyttar bomber forma som leiketøy fylte med giftgassmot born i Afghanistan. Dei er villige til å setje i gang blodbad i Polen for å hindra arbeidarane i å vinne sjølvsegte demokratiske rettar.

Sovjet si rolle i dag liknar på Tyskland før siste verdskrig. Sovjet er den supermakta som det er mest trulig vil utløysa ein ny storkrig.

Kampen for freden må ta utgangspunkt i slike fakta. Vi må skilja mellom angriparane og dei som er utsette til offer. Nokon sier: Ein stad må nedrustinga starte. Vi i Noreg må starta med oss sjølve. Men er det Noreg og dei andre små landa i verda som trugar freden? Nei, Noreg vil bli eit bytte som dei to supermaktene vil sloss om i ein komande storkrig. Einsidig nedrusting frå Noreg si side vil berre gjera landet til eit lettare bytte for aggresjon.

Eit krav om generell nedrusting skil ikkje mellom offer og angripar og blir utan verknad, i verste fall reaksjonært, som middel i kampen for fred. Kravet om nedrusting, av konvensjonelle og kjernefysiske våpen, må rettast til supermaktene dersom det skal vera ein del av det fredsskapande arbeidet. Sovjet og USA står for meir enn halvparten av dei totale våpenlagra i verda. Supermaktene ligg lengst framme i den teknologiske utviklinga. Det gjer at effekten av rustningsmilliardane er størst i Sovjet og USA. Sovjet har teke att USA og gått forbi når det gjeld konvensjonelle våpen. Det forspranget som USA tidlegare hadde i høve til kjernefysiske våpen har blitt utlikna. Dei siste tjue åra har Sovjet rusta opp snøggare enn den andre supermakta òg har, sett under eitt, ei større militær slagkraft. I høve til andre land i Europa har supermaktene og særskilt Sovjet, over tid fått eit større overtak. For kvart år som går endrar styrketilhøva seg i Sovjet sin favør.

Nedrusting kan ikkje vinne fram ved å «snakke supermaktene til fornuft». Drøftingar om nedrustingar har gått føre seg år etter år, medan opprustinga berre har gått vidare. Dei avtalane om «nedrusting» som er inngått, t.d. Saltavtalane, unnlet nøye å ta opp dei verkeleg vesentlege punkta. Saltavtalane seier ingenting om talet på stridshovud på kvar rakett, trass i at den teknologiske utviklinga gjer at det er dette som verkeleg tel. Taket på talet av våpen er sett så høgt at det ikkje sperrar for planane til supermaktene. Avtalen om

ikkje-spreiing av atomvåpen har ikkje til mål å stogga opprustinga til supermaktene, men å sikra dei kjernefysisk monopol.

Skal kravet om nedrusting av supermaktene vinna fram, må det stå økonomisk og politisk press bak. Ein politisk opinion i Vest-Europa kan vera i stand til å til dømes stoppa ei utplassering av dei nye mellomdistanserakettane til Nato. Men då må det også reisast ein kraftig opinion mot dei nye SS-20 rakettane til Sovjet. Ein opinion som er så sterk at Sovjet vel å stogga utplasseringa. Det er rett å ikkje vera einøygd, men retta eit minst like sterkt press mot Sovjet som mot Nato. Elles kan resultatet verta at Sovjet styrkar sitt militære overtak. Og det vil slett ikkje tena freden si sak.

Økonomiske middel kan vera viktig. Eksporten frå Vest-Europa av teknologi er viktig for den sovjetiske rustingsindustrien. Det er eit viktig krav at denne eksporten stoppar. Til dømes har Sovjet på denne måten skaffa seg viktig datautstyr, som dei elles ville ha brukt fleire år på å utvikla. Vest-Europa bør boikotte slik eksport. Men her gir kortsiktige økonomiske interesser og politiske ettergifter Sovjet føremuner. Nokon kallar slik boikottpolitikk for ei politisk «haukeline». Poenget er at fromme ønskje og bønner prellar av på ei imperialistisk supermakt.

Inntil vidare er det fred i Europa. Men andre stadar i verda er det slett ikkje fred. I dei afghanske fjella kjempar geriljaen mot dei sovjetiske invasjonsstyrkane. Det eritreiske folket kjempar sin fridomskamp mot den etiopiske juntaen som er støtta av Sovjet. Og trugsmålet om eit sovjetisk overfall ligg over Polen.

Desse kampane har mykje å seia for oss i Europa, fordi dei er ein lekk i førebuingane til ein storkrig. Med kontroll over Afghanistan og Eritrea vil Sovjet også kontrollera viktige handelsvegar og energikjelder som er av avgjerande verdi for Europa. Og dersom Sovjet skal mista kontrollen over Polen vil eit eventuelt angrep på Vest-Tyskland verta langt vanskelegare.

Dei såkalla «vestlege demokrati» let att auga for det som skjedde. Men arbeidsfolk i Europa og andre deler av verda skjønna at det spanske folket sin kamp mot fascismen var ein kamp mot ein fare som trua heile verda. Dei skjønna at det spanske folket ikkje berre kjempa for seg sjølv. Derfor reiste arbeidarar og andre i tusental til Spania for å sloss side om side med dei spanske regjeringsstyrkane, og derfor vart det dreve intenst støttarbeid for Spania i land etter land. Dei som verkeleg sto for ein fredspolitikk i 30-åra var det spanske folket, dei internasjonale brigadane, og dei som dreiv støttarbeid. Dei såg at det einaste som kunne hindra Hitler, var konsekvent kamp mot aggresjonspolitikken hans.

I dag er det det afghanske folket som med ufattelege offer går i brodden for å svekka den farlegaste åtaksmakta i verda, Sovjet. Dei kjempar ikkje berre for seg sjølve, men også for oss. Kvart tap Sovjet får i dei afghanske fjella, og an-



Oslo fredsvåren 1945. Stalin og det sosialistiske Sovjet vert hedra. I dag er Sovjet den farlegaste åtaksmakta i verda.

dre stader i verda legg hinder i vegen for vidare ekspansjon for Sovjet. Det er internasjonal solidaritet, og det er fredspolitikkk å støtta det afghanske folket av alle krefter. Solidariteten med Afghanistan må spela same rolle for oss som solidariteten spela for arbeidsfolk i 30-åra.

RV ønskjer eit sterkt, uavhengig norsk forsvar. Står det i motstrid til å verna freden? Nei. Eit sterkt, uavhengig forsvar i Noreg er korkkje krigshissande eller ein lekk i «kapprustinga» som nokon hevdar. Tvert om så tyder det å leggja så store hinder i vegen for sovjetisk ekspansjon som råd. Det er utruleg naivt å gå mot ei styrka norsk forsvarsevne i fredstid, når vi veit at det vil tyda at Noreg vil verta ei hardare nøtt å knekja for Sovjet. For kvar soldat Sovjet må setja inn i Noreg vil det vera ein soldat mindre på andre frontavsnitt. Eit sterkt konvensjonelt forsvar i Skandinavia og i Vest-Europa elles, vil verkeleg vera eit krigsutsetjande tiltak. I dag kviler forsvaret av Vest-Europa på ein trussel om kjernefysiske våpen, medan det konvensjonelle forsvaret vert prioritert ned. Ei styrking av dei konvensjonelle styrkane i Noreg og i Vest-Europa er derfor også viktig for å hindra at Nato sett i gang kjernefysisk krigføring.

I kampen for freden må vi:

- **skilja mellom åtakar og offer.**
- **krevje at supermaktene rustar ned.**
- **støtte det afghanske folket og andre som kjempar mot aggresjon frå imperialismen.**
- **arbeide for eit sterkt uavhengig norsk forsvar.**

Sovjet trugar Noreg

I ein krig om Europa vil syd- og nord-flanken verta viktig. Oljen i Gulfen kan få avgjerande innverknad på Vest-Europa si evne til å halda ut ein lenger krig. Vest-Tyskland har oljereserver til 70 dagars bruk. Det er omlag 50 mil frå Afghanistan til Hormuz-sundet der oljelastene går forbi. Det er heller ikkje på slump at den sovjetiske marina er skreddarsydd til å skjera av oljeforsyninga.

Nato si evne til forsvar avheng av at USA overfører 1,5 mill. soldatar og 6 mill. tonn utstyr over Atlanterhavet. Dette vert kalla Nato si livline. Denne overføringa vil krevja heile tankskipsflåten og den sivile luftflåten åt Vesten, saman med den samla tonnasjen til USA i tre månader for å kunna gjennomføre. Dei viktigaste reiskapa Sovjet har for å kunna skjera av denne operasjonen er plassert på Kola-basen rett aust for Finnmark. Den sovjetiske oppbygginga i nord gjeld fyrst og fremst modernisering av rakettsystema på ubåtar, skip og fly som kan gå til åtak på konvoiane til Nato. Marinebasar i Noreg vil korta ned avstanden til konvoiane til det halve.

For Sovjet er det ein vanske at dei vantar flyplassar for jagarfly som kan gi desse fartya og bombefly støtte i Norskehavet. Støtte frå jagarfly er naudsynt for å sikra herredømme i Norskehavet og dermed eit utgangspunkt for operasjonar i Atlanterhavet. Frå Kola vil ikke flya nå lenger enn til Nord-Noreg. Kjevik, Lista, Sola, Flesland, Ørlandet og Værnes er som skreddarsydde for oppgåva. Noreg er med andre ord eit klart militært mål for Sovjet i ein verds-krig. Det er ikkje rett som mellom andre SV-leiinga seier, at Noreg er eit åtaksmål berre fordi vi er med i Nato. Noreg vil verta utsett for åtak same om vi er med i Nato eller ikkje. Det er naivt å *ikkje* rekna med at det i dei sovjetiske militærstabane ligg vel førebudde åtaksplanar på Noreg. Det er endå meir naivt å tru at desse planane vil verta brent opp dersom Noreg går ut av Nato.

I ein kommande storkrig vil

- **Noreg vera eit fyrsterangs mål for eit sovjetisk åtak.**
- **Sovjet trenga norske flyplassar for å kontrollera Norskehavet.**
- **Noreg verta utsett for sovjetisk åtak anten vi er med i NATO eller ikkje.**

Nato og Noreg

Forsvaret av Noreg kan ikkje gjevast over til den eine av dei to store supermaktene. Vi støttar ikkje Nato som er ein del av USA sin strategi. Storparten av partia på Stortinget ser på USA som ein «snill onkel» med enkelte småfeil. Dei seier at eit lite land *må* finna tryggleik hjå ei stormakt. Dette har dei sagt heilt frå 1949 då nøytraliteten vart bytt ut, og Noreg underlagt USA-imperialismen, og forsvaret av Noreg vart knytta til USA sine interesser.

SV-leiinga går imot at Noreg skal ha eit forsvar så lenge vi er medlem i Nato. Noreg ut av Nato er eit hovedspørsmål for SV. Evna til forsvar bryr dei seg ikkje om. Resultatet av dette er skremmande. Sjølv om krigsfaren aukar og presset på Noreg stig, så er dette i røynda ei line for at vi ikkje skal ha noko forsvar.

Vi vil ha Noreg ut av Nato. Men dette må gjerast i samband med at vi bygger opp eit sterkt, uavhengig forsvar. Tek vi bort dette siste kravet så vil vi ende på same politikk som SV.

Noreg må ut av Nato sitt kommandosystem. Dette vil seia at stordelen av dei norske styrkane ikkje skal vera direkte underlagde Nato-kommando i krig, men stå under suveren norsk kommando. Dette er viktig, for *vårt* siktemål er kampen for norsk sjølvstende, og ikkje at norske styrkar skal verta brukte i kampen mellom supermaktene. Det vil vidare seia at Noreg skal gå ut av Nato sin planleggingskomite. Forsvarsplanane for Noreg er i dag laga i denne komi-

teen. Og desse planane er sjølv sagt nøye knytta til dei målsetjingane komiteen har. Planane for forsvar av Noreg må endrast frå å vera eit stillestående flyplassforsvar til å verta eit rørlig forsvar i djupna. 3) Planane har innverknad på mønsteret for militærøvingane våre. Vi vil ha slutt på at pengar til øvingar går til Nato-øvingar. Pengane skal brukast til dei nye planane for forsvaret.

RV går mot NATO av di

- **Nato er ein imperialistisk allianse dominert av USA.**
- **Nato-forsvaret gir ingen tryggleik for Noreg.**
- **RV stiller kravet: Noreg ut av Nato sitt felles kommandosystem.**

Doktrina om utanlandsk hjelp — ein farleg illusjon.

Vi er prinsipielt mot eit forsvar som er i hendene på USA. Dessutan meiner vi at doktrina om utanlandsk hjelp er ein farleg illusjon. I alt er det planar om å setja inn styrkar på opp mot 25 000 mann, frå Kanada, England og Holland. Dessutan kan også nordkontingenten av Nato sitt «brannkorps» setjast inn i Noreg.

Det store spørsmålet er: Vil desse styrkane nå fram i tide? Lat oss sjå på dei ulike styrkane, ein for ein:

— Nato sitt brannkorps er lett utstyrte troppar. Dersom dei vert sett inn i Noreg, kan dei overførast på 48 timar med fly. Ei slik overføring vil krevja ei luftbru — eit fleirnasjonalt transportsystem der fleire sivile flyselskap deltek. Overføringa er forutsett gjennomført i *fredstid*, før det første skotet har vorte avfyrt. Ei slik overføring tvers gjennom Sentral-Europa, tvers over Atlanten er utenkeleg etter at krigshandlingane har byrja.

— Det britiske Royal Marines — korpset som er tenkt nytta i Noreg, har til saman omlag 10 000 mann. I ein britisk rapport til underhuset frå 1977 blir det etter undersøkingar i Nord-Noreg slått fast til både norske og britiske offiserar at desse forsterkningane ikkje vil nå fram etter at krigen har brote ut. Dette er synspunkt som den dåverande sjefen for Nato sin nordkommando, Sir John Sharp, har lagt offentlig fram. Desse utsegnene vert også støtta av tidlegare forsvarssjef Zeiner-Gundersen. Styrkane er planlagt overført med skip, mellom anna norske passasjerskip som går i trafikk på Nordsjøen. «Eit vilkår for at korpset skal kunne bli tatt i bruk er derfor at styrkane kjem til landet før det blir hærtatt», seier nestkommanderande i korpset, major Taffinder, i eit intervju.

Den kanadiske styrken er tenkt overført med skip og fly. Det er rekna med at det vil ta omlag ein månad frå ordren blir gitt til styrken er ferdig oppsett i Noreg. Vel og merke under fredelege tilhøve.

Så til US Marines. Dei har førehandslager i Noreg for ei brigade på rundt

10 000 mann. Oppgava deira vil vera å rydja vegen for andre, større styrkar. Denne brigaden skal verta transportert med fly frå USA til Noreg. Resten av styrkane skal transporterast med skip og vil ha ei transporttid på 3 veker eller meir.

Konklusjonen på denne gjennomgåinga er at planane om å unnsetja Noreg med utanlandske styrkar kan fungera dersom Sovjet er så høflege at dei varslar frå god tid i førevegen. Kan vi rekna med at Sovjet vil vera så høfleg? Nei. Flybasar i Noreg er heilt avgjerande for Sovjet i ei storkonflikt. Derfor må dei sikra seg Noreg raskt. Kanskje vil åttaket på Noreg koma løynd som ein militærmanøver. Flytida frå Leningrad-distriktet er 90 minutt. Derfrå kan Sovjet senda styrkar som rett nok ikkje sikrar full okkupasjon i første omgang, men som lammar den norske mobiliseringa og hindrar Nato-styrkar å kome til hjelp. I neste omgang kan større hæravdelingar sendast anten sjøvegen eller over land gjennom Finland. Desse soldatane kan vera i Noreg i løpet av fire dagar til ei veke. Den noverandre norske forsvarspolitikken er ein farlig illusjonspolitikk.

Spør DNA og Høgre om kva vi har til å forsvara oss med dersom hjelpa ikkje når fram. Spør dei om kor realistisk hjelpa er.

Flybasar i Noreg er heilt avgjerande for Sovjet i ei storkonflikt. Her frå ei forsvarsøving på flyplassen i Tromsø. (Foto: Forsvaret)



Vi krev store endringar i retning av eit uavhengig forsvar. Dette kan gjennomførast — også som medlem i Nato. Det avheng av den *politiske viljen*. Hovedhinderet er i dag Høgre og DNA.

Utan at USA kunne ha hindra det, kunne F-16-flya vore vraka til fordel for modernisering av hæren. Forsvarsordninga kan endrast. På papiret er den norske regjeringa suveren til å vedta t.d. operasjonsplanar og øvingsopplegg. Dette er derfor eit *politisk* spørsmål. Nato og USA ka trua med utstyrsboikott, økonomisk press osv., men dette vil vera det same sjøl om Noreg var utmeldt av Nato.

RV hevdar at

- Nato-styrkar ikkje vil nå fram til Noreg i tide.
- Den offisielle forsvarspolitikken er ein farleg illusjonspolitikk.
- DNA og Høgre har ikkje noko å setja i staden for denne illusjonspolitikken.

Eit sterkt forsvar

Når Noreg er utmeldt av Nato, vil SV-leiinga byggja ut eit forsvar tufta på «Heimevernsmodellen». Denne modellen er eit skritt attende når det gjeld evne til forsvar, i høve til det forsvaret vi har i dag.

Heimevernet kan ikkje vera modell for den norske hæren. Heimevernet si oppgåve er å sikra mobilisering, mellom anna ved å verja depot og oppsetjingsstader over heile landet. Vidare skal Heimevernet verja viktige faste installasjonar som kommunikasjonssentra, administrative sentra o.l. slik at desse ikkje vert sette ut av spel. For at Heimevernet skal kunna gjera desse viktige oppgåvene best råd, går RV inn for ei modernisering av utstyret og mot nedkorting av øvingsdagane. Men Heimevernet er ikkje i stand til og heller ikkje utrusta til å møte større fiendtlege styrkar. Denne oppgåva skal dei mobiliserte *brigadane* løysa. RV reiser krav som skal gjera dei i stand til å kjempa så effektivt som råd. Det gjeld krav til forsvarsordninga, organisering av leiinga for desse brigadane, mobiliseringsordninga, øvingsopplegget, operasjonsplanane og utstyret dei er sett opp med. Det er avgjerande for forsvarsevna at desse brigadane vert slagkraftigare. Det er derfor eit blindspor når SV vil løysa dei opp og overføra menneskapa til eit forsvar etter «Heimevernsmodellen».

Desse regulære brigadane kan heller ikkje verta erstatta av eit «geriljaforsvar». Geriljastyrkar er mindre, stridsavdelingar som opererer etter grunnsetningane, størst mogleg rørslefridom, samling av eigne krefter for å gå til åtak på mindre fiendeavdelingar, unngå stillingskrig med overlegne fiendestyrkar



Heimevernet er ikkje rusta til å møte større fientlege styrkar. Her ser vi frå ein landskonkurranse i Heimevernet. (Foto: Klassekampen)

osb. Geriljakrig vil i regelen vera den einaste moglege stridsforma, i byrjinga av ein folkekrig i eit okkupert land.

RV meiner at geriljakrig vil vera naudsynt so snart råd er dersom Noreg vert okkupert og den regulære hæren er nedkjempa. (5) Men det vil i røynda vera å svekka forsvarsevna å krevja eit «geriljaforsvar» i dag. Ei anna sak er at dei taktiske grunnsetningane geriljakrig bygger på må brukast av den norske mobiliseringshæren i ei heilt anna grad enn no, og at øvingar i «fri strid» — operasjonar bak fienden sine liner — må inn i øvingsmønsteret til hæren.

Det forsvaret SV-leiinga går inn for vil svekka forsvarsevna. SV seier at vi skal ha eit sjølvstendig forsvar, men ser ikkje Sovjet som noko trugsmål.

DNA og Høgre vil ha eit forsvar mot Sovjet, men ser vekk i frå at vi må og kan stole på eigne krefter og bygge opp eit sterkt, uavhengig forsvar.

Eit slikt forsvar vil vera seigare og kunna by på meir motstand enn noko av det desse partia har stabla på beina. Dette er det einaste verkelege og truverdige forsvaret fordi det er tufta på ei grundig analyse av den politiske og militære stoda i verda i dag. Ikkje tufta på eit håp om at USA kan verja oss slik som hjå DNA og Høgre, eller SV som håpar på at Sovjet ikkje vil gå til åtak.

DNA og Høgre hevdar at folk ikkje vil betala det eit slikt forsvar vil kosta. I 1938 vart forsvarsbudsjettet heva frå 40 millionar til 200 millionar etter krav frå

grunnplanet. Det fins *ingen*, gode eller dårlege, argument mot å nytta oljepengar til forsvaret. Det er i hovudsak ei omvurdering som trengs. Vekk frå få høgteknologiske, dyre våpensystem over til bra utstyr for heile mobiliseringshæren. Vekk frå kostbare Natoøvingar, for effektive øvingar i *djupet*. Vekk frå stillingskrig, for utstyr til rørlig krigføring. Til samanlikning nyttar det jugoslaviske forsvaret, som er både sterkt og ubunde, *mindre* for kvar soldat enn det norske forsvaret gjer i dag. Luftvernet i Noreg er skandaløst. Til dømes viste øvinga på Sola nyleg at luftvernartilleriet ikkje hadde ein sjanse mot moderne jagarfly. Panservernet er for dårlig utbygd. Kuppberedskapan i Sør-Noreg består av Garden sine 450 soldatar. I Nord-Noreg er den ståande styrken 6500 soldatar i Troms og Finnmark. I tillegg til dette har vi eit svært lettsårleg flyvåpen med F-16 fly.

Forsvaret i Jugoslavia er kjent som avskremmande og effektivt. Ingen kan hevda at dette sterke uavhengige forsvaret er «offensivt» i tydinga at det trugar nabostatane sitt sjølvstende. Dette forsvaret verner freden fordi det vil tvinga ein angripar til å nytta svært store styrkar for å okkupera landet. Kanskje hindra det ein invasjon etter Titos død. Dette er eit eksempel på eit borgerleg forsvar som Noreg på mange områder kan dra lærdommar av.

Enkelte har hevda at Noreg ikkje kan ha eit slikt forsvar, fordi det legg for

I Nord-Noreg er den ståande styrken i dag 6500 soldatar. (Foto: Forsvaret)



store byrder på folket og krev for stor offervilje. Indirekte tyder dette at forsvarsviljen i Noreg er så elendig at det er folket si eiga skuld at vi «må stole på utlandet». Dette er å sette tinga bak fram. Ingenting undergrev forsvarsviljen meir enn at forsvaret er oppbygd på at USA skal gjera jobben for oss. Det undergrev også viljen til forsvar at forsvaret er trena, utrusta og planlagt utifrå at vi skal få hjelp, noko som er svært lite truleg. At hæravdelingar ikkje har luftvern må òg undergrava moralen effektivt når vi veit at jagarfly og helikopter er viktige deler i den sovjetiske væpninga. Ansvaret for dette ligg på *Stortingspartia og forsvarsleiinga*, ikkje på vanlige folk.

RV krev

- eit sterkt, uavhengig forsvar mot invasjon,
- eit forsvar utstyrt og budd for rørleg krigføring,
- betre luftvern og panservern,
- sterkare kuppberedskap i Sør-Noreg.

Jugoslavias forsvar

Jugoslavia gjekk til omfattande modernisering av forsvaret etter invasjonen av Tsjekkoslovakia i 1968. Trugsmålet frå sosialimperialismen var den direkte grunnen til fornyinga. Er trugsmålet mot Noreg mindre enn mot Jugoslavia? Nei. Okkupasjon av Jugoslavia vil gi Sovjet fritt tilgjenge til Adriaterhavet, vil isolera Hellas og Tyrkia og gi ei betre militær stilling overfor Italia og Austerrike. Den militære verdien av å okkupera Noreg vil ikkje vera mindre viktig for Sovjet.

Den nye forsvarsdoktrina i Jugoslavia, det totale forsvaret, gir utbygging av både *sivilforsvaret* og det *militære* forsvaret. Ei slik doktrine eller slike planar eksisterer ikkje i Noreg.

Fornying av *Hæren* er den viktigaste oppgava i moderniseringa av dei jugoslaviske styrkane. Dette er i motsetnad til dei norske langtidsplanane der Luftforsvaret, som ein del av eit skallforsvar, vert prioritert på topp frå 1976 til 1987. Jugoslavane prioriterer *luftvernet*, *panservernet* og *kuppberedskapen* mto luftlandedivisjonar høgast.

Det jugoslaviske forsvaret

- er eit totalforsvar,
- gir utbygging av både det militære og det sivile forsvaret,
- gir større tryggleik mot invasjon enn det norske,
- kostar mindre pr. soldat enn det norske.

Kvinner og forsvar

Det er grovt at rein kvinneundertrykking skal hindra kvinnene i å ta del i forsvarret. I Sivilforsvaret er det 6 prosent kvinner og i Forsvaret under 1 prosent. Det finns ingen argument for dette mishøvet, men RV har mange mot.

RV krev kvinneleg verneplikt. Høgre og DNA er imot slik verneplikt fordi det ikkje er «naudsynt». Desse partia meiner også at kvinner korkje har evne eller innsatsvilje til å ta del i Forsvaret. SV går mot kvinneleg verneplikt og kallar eit slikt krav «auka militarisering».

Vi krev reell likestilling. Dette tyder at kvinner også kan vera med i stridseiningar. Den frivillige ordninga som er i dag gir ikkje kvinnene rett til dette.

I dag har kvinner vernerett i ikkje-stridande avdelingar. Dei kan søke om opptak i Heimevernet, Hæren, Sjøforsvaret og i Luftforsvaret. I Heimevernet kan kvinnene søkja opptak gjennom samme rekrutteringskurset som menn som ikkje har gjort førstegongsteneste. Etter kurset vert dei innkalla til årlige repetisjonsøvingar og blir utkalla i krig. Dette er likevel ikkje reell likestilling så lenge det ikkje er verneplikt og plikt til å gjera teneste i stridsavdelingar. I Kystvakta er det til dømes ståande ordre at fartyet skal setja i land kvinnene dersom det vert strid.

Det er under ein prosent kvinner i norsk forsvar! (Foto: Klassekampen)



For å få ei reell likestilling må det innførast sosiale ordningar som gjer det *mogleg* for kvinner å ta rekruttkurset i Heimevernet, vera med på repetisjonsøvingar o.l. Dette er ei viktig forklaring på at så få kvinner går ut i forsvaret. Som eksempel på sosiale krav kan nemnast betalt permisjon frå jobben for ektefellen, eller tilgjenge til dagheims plass eller heimehjelp.

RV hevdar at

- **det er grov kvinneundertrykking når kvinnene blir haldne utanfor forsvaret,**
- **kvinner må få verneplikt på like vilkår med menn.**

Folkekrig

Sovjet er trulig i stand til å okkupere Noreg, sjølv om forsvaret i Noreg vert lagt om. Medan dei borgerlege partia avgrensar seg til eit invasjonforsvar, står RV, som det einaste partiet, med eit program for korleis landet kan frigjerast. DNA og Høgre har ingen planar for å kasta ut ein okkupant. Ved eit sambrot av det norske forsvaret er støtte og hjelp utanfrå det halmstrået desse partia kan klamre seg til.

Utsiktene til «hjelp utafrå» vert rimelegvis dårlegare enn dei var i 1940. Eit okkupert Europa, Storbritannia inkludert gir ikkje same grunnlag for hjelp som førre krigen. Denne tankegangen er elles usolidarisk, det er alle andre enn oss sjølve som skal stå til ansvar for frigjeringa av Noreg. I siste krigen gjorde det sovjetiske folket ein kjempeinnsats med store offer. I Noreg mobiliserte ikkje borgarskapet folket til kamp, men kvilte seg på innsatsen og ofra til andre. For borgarskapet var profitten viktigare enn den nasjonale fridomen. Å passe på profitten og la andre ta støyten er ikkje ei linje for væpna motstandskamp men for kapitulasjon. Derfor kan ikkje borgarskapet leia nokon motstandskamp i Noreg under ein okkupasjon.

Den kritikken dei borgerlege partia fører fram mot ein mogleg folkekrig i Noreg viser også dette. Det er laga ein haug argument for at ein slik krig er umulig. Desse utsegnene bygger ikkje på vitskap og viser sterk mistru til folk sin vilje til å kjempa for norsk sjølvstende. Ja, argumenta trekk til og med fram dorskheita til «Velstands-Ola» som den viktigaste grunnen til at folkekrig er umulig.

Dei partia som hevdar dette har ikkje sjølve svar på korleis Noreg kan frigjerast. Det er arbeidsfolk som gong på gong har vist at folkekrig er einaste løysinga.

Dei som seier at «Velstands-Ola» er for velfødd til å tola dei påfreistingane

ein folkekrig medfører, syner i røynda grove illusjonar om at det under ein okkupasjon vil verta eitslags påtvunge regjeringsskifte, og at livet stort sett vil gå som før.

Ein sovjetisk krig i Europa vil krevja store ressursar av alt frå mat til arbeidskraft og industrivarer. Eit okkupert Noreg vil i denne situasjonen få store vanskar med sine egne forsyningar. Til dømes vil det vanskelegstilte sovjetiske landbruket verta akutt kriseramma når millionar av landarbeidarar vert innkalla til hæren. Noreg vil ha store problem med å brødfø seg sjøl når innførsla av mat blir stogga, men leiarane i Kreml vil nok heller ha hungersnaud i Noreg enn utsvelta soldatar i Sentral-Europa.

Landet vårt er stort, og vi er berre 4 millionar innbyggjarar, er eit argument for å godta ein okkupasjon. Noreg vil ikkje bli ståande åleine, om ikkje kapitalasjonslina til borgarskapet slår gjennom over heile Europa. Dersom Sovjet får høve til å konsentrera styrkar i Noreg, vil ei frigjering sikkert trekkja i langdrag. Men Sovjet har heller ikkje uavgrensa ressursar, og vil over tid få vanskar med å halda i gang krigsmaskina.

Geografien i Noreg er ugunstig, vert det hevda. Men såvel klima som landskap er ikkje meir ugunstig enn i Afghanistan der geriljaen er i stand til å kjempa framgangsrikt. Historia har vist at frigjeringsrørsler som har nytta prinsippa for

I Afghanistan kjempar geriljaen framgangsrik folkekrig i eit vanskeleg landskap og i hardt klima. (Foto: Klassekampen)



folkekrig har vunne fram, og at dei har overvunne dei vanskane dei har hatt. Dei borgarlege politikarane som seier at folkekrig er uråd i Noreg skulle heilt sikkert ha sagt det same om Afghanistan, Vietnam og om Jugoslavia sin sjanse under siste krigen.

Folkekrig i Noreg vil møte vanskar. Mellom anna vil forsyningar til kampeiningar bli eit problem. Under krigen sto Milorg overfor det same problemet og klarte å løysa det. Problema vi vil møte vil dels vera større dels mindre enn i andre frigjeringskrigar, men med eit mobilisert folk vil vi klara å løysa dei.

Kva skil folkekrig frå annan krigføring? Stutt sagt er føresetnaden for folkekrig at så godt som heile folket blir trekt med på ulike vis. Militærdelen kan ikkje til dømes skiljast frå så avgjerande oppgåver som å sikre mattilførsler til soldatane. Å trekke nye folk med i militær motstand krev sterk støtte i folket. Etterretning må ha tusen kjelder blant folk. Med andre ord heng den militære delen av krigen nært saman med «den ikkjemilitære delen».

Geriljakrig er ein del av denne krigen. Geriljakrig vil oftast vere starten på folkekrigen i eit land som er hærtatt. Prinsippa i geriljakrig samsvarer med at dei militære styrketilhøva er til føremon for okkupanten. Difor er desse prinsippa tufta på å nyttje til fulle dei føremonar forsvararen har. Målet med geriljakrig er å øydelegge motstandaren samstundes med at eigne styrker etter kvart kan gå over og bli regulære styrker som opererer i større einingar, med tyngre utstyr osv.

Ein okkupant vil bruka terror og represaliar. Dette vil bli brukt for å slå ned all motstand, frå sivil- til militær motstand. Sjølv med eit folk som er innstilt på fullt samarbeid med okkupanten, vil terror bli brukt for å tyna folk endå hardare. Omfanget av represaliane avheng først og fremst av effekten dei har på folket. Dersom motstanden let seg kua, vil bruken av represaliar auke. Har dei liten effekt vil okkupanten bli tvinga til å nytta andre metodar.

Den sivile folkesetnaden vil heilt sikkert bli utsett for hardare påkjenningar enn før. Represaliar vil ramme sivile først og fremst. Det er derfor avgjerande for framgangen i folkekrigen at heile folket er mobilisert til innsats, — og til å bera dei ofra dette inneber. For okkupanten er represaliar eit tveegga sverd. Det vil skapa hat og innsatsvilje i heile folket og mobilisera tusenvis til aktiv innsats. I Jugoslavia måtte naziokkupanten i lange periodar gi opp bruken av represaliar, fordi motstandsørsla fekk auka oppslutning.

Uansett endringar i forsvaret i dag er det stor sjanse for at Noreg blir okkupert dersom vi blir utsette for åtak. Dette tyder ikkje at kampen for eit sterkt og uavhengig forsvar er uviktig. Tvert om. Eit slikt forsvar vil i neste omgang gi eit langt betre utgangspunkt for folkekrig.

Eit forsvar slik RV krev det, vil evna å mobilisera langt fleire i aktiv kamp mot okkupanten, enn om det vart gjort åtak på oss i dag. Vi ville også få langt fleire folk med kamperfaring og våpen.

Ein slik motstand vil gi mange døme på at fienden kan skadast, medan eit raskt samanbrot gjer at fienden verkar uslåeleg. Motstanden i 1940 var for mange eit prov på at det gjekk an å slå tyskarane. Dersom kampene vert ført over tid, kan vi få høve til å organisera einingar som kan driva geriljakrig. Samanbrot, kapitulasjon og kaos vil gjera ei slik organisering vanskelegare.

Folkekrigen

- er det einaste som kan frigjera Noreg frå ein okkupasjon,
- må leiast av arbeidarklassen,
- er fullt mogeleg å gjennomføra i Noreg.

Atomkrig

Kjernefysiske våpen er terrorvåpen som kan drepa og rasera i større omfang enn konvensjonelle våpen. Ingen kan vera blind for at kjernefysiske våpen kan bli brukt i ein ny verdskrig. Dei to supermaktene sine kjernefysiske våpenlager, og truslane om at våpna skal bli brukt, må tenna hatet mot imperialismen og gi eit brennande ønske om å styrta det imperialistiske systemet.

RV tek skarpt avstand frå eit forsvar av Noreg med kjernefysiske våpen. Gjennom Nato-øvingar har det vorte klarlagt at det er planar om å nytta kjernefysiske våpen i Noreg mot områder som er okkupert av Sovjet. Regjeringa vil ikkje gi nokon garantiar, så dette kan skje med signing frå den norske statsmakta. Dette har ingenting å gjera med forsvar av norske interesser. Samstundes er det eit resultat at Noreg har forsømt å byggja opp eit konvensjonelt forsvar, og dermed må nytta seg av trusselen om bruk av kjernefysiske våpen. Dette er ikkje eit isolert problem for Noreg, men eit sentralt problem i Nato-strategien. Eit sterkt uavhengig forsvar og vel førebudde planar for å øydeleggja viktige flyplassar, er ein føresetnad for å koma ut av den håplause situasjonen DNA-regjeringa med støtte i Høgre og stortingsfleirtalet har fått Noreg opp i. Det er feil å truga med bruk av atomvåpen i Noreg som svar på sovjetisk trugsmål om invasjon.

Dei sovjetiske militære brukar kjernefysiske våpen som ei vesentlig forsterking av artilleriet si eldkraft. Warszawapakta reknar offisielt med at ein krig i Europa vil bli ført med konvensjonelle og kjernefysiske våpen. Derfor er Warszawapakt-landa langt betre førebudd på å bruka og møta kjernefysiske våpen enn til dømes norske militære styrkar. Til dømes brukar austtyske infanteristar like mykje tid til å trenast med abc-våpen som dei brukar på skytetrening. Sovjetiske personellkjøretøy er utstyrt for å nyttast i områder med radioaktiv nedfall og kvar divisjonssjef har taktiske atomvåpen til bruk om han finn det naudsynt.

RV går mot

- at forsvaret av Noreg skal byggjast på atomvåpen,
- at atomvåpen skal verta svaret på trugsmålet frå Sovjet.

Dommedagsprofetiar

I fylgje leiande SV-arar, talsmenn for Kampanja mot Atomvåpen og andre, har dei imperialistiske supermaktene endelig klart å skaffa seg det terrorvåpenet som gjer all motstand umulig. Tankegangen er slik. Dersom det vert krig vert det atomkrig. Vert det atomkrig vert den altutslettande. Utifrå denne tankegangen er alle forsvarstiltak alle tiltak for sivilberedskap illusjonsmakeri. Det finst berre ei oppgåve, hindra krigen.

I røyndomen er det ikkje korkje politisk eller militært grunnlag for desse dommedagsprofetiane. Supermaktene sine målsetjingar med ein imperialistisk krig står i motstrid til rasering av Europa. Kjernefysiske våpen kan bli brukt til politisk terror for å tvinga ein motstandar i kne, men dette er ikkje det same som at alle byar og alle innbyggjarane vert utrydda. Atomvåpen brukt mot få har til mål å terrorisera fleirtallet. Militært sett gir atomvåpen store negative verknader også for dei som nyttar dei. Dels for at fienden kan slå attende på

*Gassmasker og tilfluktsrom kan redde liv under eit kjernefysisk åtak.
(Foto: Klassekampen)*



same vis, dels for at radioaktivt nedfall gjer militære operasjonar vanskelege. Sluttsatsen er ikkje at kjernefysiske våpen ikkje vil bli nytta, men det er gode argument mot dei som seier at det er full garanti for at alle kjernefysiske våpen vil bli sette inn i eit gigantisk ragnarokk.

Imperialismen er rå og hjartelaus. Det er grunn til å ottast store lidingar. Det er derfor i dag viktig å reisa krav som kan tryggja folk mest mogleg. Til dømes kan utbygging av bra tilfluktsrom berga mange liv. Om ei bombe på storleik med Hiroshimabomba blir brukt over Oslo for å tvinga fram ein kapitulasjon, vil over 100 000 liv gå tapt. Dei kunne ha blitt berga med ei utbygging av tilfluktsrom. Talsmenn for SV kallar dette for illusjonsmakeri. I staden rår dei til at midlane til sivilforsvaret blir brukt til morfinsprøyter, så døden kan bli meir behageleg. Skulle radioaktive skyer driva inn over Noreg frå ein atomkrig i Sentral-Europa så vil sivile vernetiltak spara liv og avgrensa liinga.

RV hevdar at

- **atomvåpen i hovudsak vil verta brukt som politisk terror,**
- **SVs dommedagsprofetiar om atomkrigen tener supermaktene,**
- **eit godt sivilforsvar kan gi vern jamvel mot atomvåpen.**

Atomfri sone i Norden?

Supermaktene rustar til krig. Sovjet og USA bygger ut atomvåpna. Det er rett å krevja ei uttynning, ei nedrusting, ein stans av utplasseringa av atomvåpenlagra til supermaktene. Under visse tilhøve må imperialistane ta visse omsyn. Ein europeisk opinion kan pressa fram reduksjonar av atomlagra. Vilkåret for dette er at kampen for desse krava blir skarpt retta mot supermaktene.

Høgre og DNA støttar utplasseringa av nye Nato-raketar — ikkje i Noreg, men i England, Vest-Tyskland og Be-ne-lux landa. Desse partia godkjenner Nato-planar som innefattar bruk av kjernefysiske våpen i Noreg i krig. Kravet deira om at «supermaktene skal ruste ned» blir i denne samanhengen lite truverdige.

SV-leinga og NKP rettar heller ikkje krav til supermaktene når det kjem til praktiske tiltak. Dei rettar i staden kravet til Noreg og Norden. Samstundes som det er kjernefysiske våpen i *alle* austeuropeiske land, i Vest-Tyskland, England og Be-ne-Lux, reiser desse partia hovedkravet om eit atomfritt Norden der det ikkje er atomvåpen. Gå utanom, sa bøygen.

Sovjet har to utskyttingsrampar for SS-4 og SS-5 raketten sør for Murmansk. Det einast rimelige målet for desse 1 megaton ladningane er Norden. Desse raketane vert no skifta ut med SS-20, rimelegvis også på Kola. Kreml

har i hærdivisjonane sine med taktiske atomvåpen som kan rekka mellom 7 til 200 mil. Nokre av desse kan frå Leningrad forsvarsdistrikt skytast ut mot Norden. I 1976 stasjonerte Sovjet 6 Golf II ubåtar i Austersjøen. Dei er utstyrt med SS-N-5 rakettar med sprengkraft frå 1 til 2 megatonn med rekkevidde på 100 mil. Alle desse våpna har Norden som sentralt målområde.

Når vi krev at desse våpna skal takast bort, har det ingenting med den strategiske terrorbalansen å gjera. Dei langdistanserakettane på Kola som er sikta inn mot mål i USA er noko heilt anna enn desse mellomdistanserakettane. AUF-leiaren Torbjørn Jageland og Jon Grepstad i «Nei til atomvåpen» hevdar at å ta med Kola i kravet om nedrustning vil rokke den strategiske balansen.

Ei atomfri sone i og rundt Norden må tyda at Norden blir atomfritt *og* at våpna som truar Norden må fjernast. Det første er talsmannen for sentralkomiteen i Kreml, Valentin Fadin villig til å gi garantiar for. Men han er ikkje villig til å ta bort dei våpna som truar Norden. Det er lett å gjennomskoda Sovjet sitt spel. Trugsmålet om bruk av atomvåpen skal henga over oss, og pressa fram politiske ettergifter. Dersom Fadin sine garantiar om at Norden skal haldast utanfor ein atomkrig skal vera truverdig, må Sovjet *minimum* trekka tilbake dei våpna som er sikta inn mot nordiske byar og militære anlegg.

Ei atomfri sone i nordområda

- **må føra med seg at dei kjernefysiske våpna som er retta mot Norden på Kola og i Leningrad forsvarsdistrikt, blir fjerna.**
- **Eit slikt krav vil ikkje rokka ved den strategiske balansen mellom supermaktene.**

Sivil vernebuing (beredskap)

Sivilforsvaret har to livsviktige oppgåver. Eit utbygd sivilforsvar verner folket. Det reduserar skadeverknadene og dermed også effekten av til dømes terrorbombing som siktar mot å skapa kaos og panikk. Derfor er eit utbygd sivilforsvar også eit tiltak som reduserar trusselen om bruk av terrorvåpen. I tingingane mellom Sovjet og USA er forbodet mot utbygging av effektive sivilforsvar teke med som ei «sikring» mot at den eine parten skal bli «immun» mot atomangrep og dermed forstyrra balansen. I tillegg til å syne korleis herskarane i Kreml og Washington brukar innbuarane sitt liv som eit tingingskort, så viser det klart at sivilforsvaret har ein avvergande effekt.

Sivilforsvaret i Noreg er i motsetnad til t.d. i Sveits *ikkje* skapt utifrå at kjernefysiske våpen kan bli nytta som terrormiddel for å tvinga fram ein kapitulasjon. Ei regjering som bygger ut sivilforsvaret slik, er heller ikkje i stand til å gi

garantiar for at den ikkje vil gi USA grønt lys for å nytta kjernefysiske våpen mot område i Noreg okkupert av Sovjet, til dømes norske flyplassar. Dette strid mot utsegner frå Sovjet om at kjernefysiske våpen vil bli brukt i krig. Dette har ført med seg at den sivile folkesetnaden nær dei viktigaste flyplassane som Sovjet vil ha som angrepsmål, ikkje har tilfluktsrom som verner dei mot atomvåpen. Offisielt har 1,8 millionar personar plass i tilfluktsrom i Noreg, men dette er rein bløff. av desse plassane er i private tilfluktsrom som ingen veit korleis ser ut, fordi det ikkje finst midlar til å kontrollera dei. I dei offentlege tilfluktsromma veks forfallet samstundes med den statlige sparepolitikken. Ein politikk som også ramar den vidare utbygginga av nye tilfluktsrom. Offisielt er målet for plassar i tilfluktsrom , røyndomen er plassar. Tilfluktsrom er ein del av eit heile som heiter sivil vernebuing. Men det er ein representativ del.

I Oslo dekkjer flyalarmen berre 60 prosent av dei som bur der. Fordi midla er for knappe, er det ingen plan for 100 prosent utbygging. Løyvingane er no så små at sivilforsvaret vantar uniformer og elementært utstyr. Til dømes har dei så få skjerebrennarar at sivilforsvaret må låna av private bedrifter om dei skal få rydda opp etter ei bombing av Oslo.

Gassmasker er mangelvare — av økonomiske grunnar. Det finst masker på lager hos Sivilforsvaret, dette er ikkje nok. Dei blir ikkje produsert lenger fordi det ikkje lønte seg. Det manglar også løyvingar til å fornya filtera til dei som er på lager. Det er derfor eit tidsspørsmål før dei som finst er ubrukelege. Gassmasker til barn under 3 år eksisterer ikkje, på tross av at det finst spesielt utstyr som kunne berge liv under gassåtak og angrep med kjernefysiske våpen.

Vi kunne nemne fleire eksempel, men desse viser at ei opprusting av sivilforsvaret er tvingande nødvendig. Likevel stemte alle representantane frå samtlige stortingsparti for relle nedskjeringar av utgiftene til sivil vernebuing ved handsaminga av -81 budsjettet. Regjeringa har nyleg lagt fram ei Stortingsmelding der det heiter at den sivile vernebuinga har mangler, men i hovesak vert den karkterisert som god. Det at terskelen for bruk av atomvåpen er senka, uroar ikkje regjeringa sjølv om den opererer med eit sivilforsvar som skal vurderast i høve til eit åtak med konvensjonelle våpen. Der det økonomisk finst råd, skal forsvarstiltak mot kjernefysiske våpen byggast ut.

Dei to representantane til SV på Stortinget har ikkje teke til motmæle mot denne neglisjeringa av den sivile vernebuinga. I dette partiet finst det til og med folk som seier at sivil vernebuing er tøv, fordi det kan gi illusjonar om at det er råd å overleva eit kjernefysisk åtak. Dette er tullsnakk. For det første er det mogleg å overleva eit atomåtak. I ein by som Oslo vil langt over 100 000 menneskeliv bli redda dersom det blir bygd atomsikre tilfluktsrom, sjølv om ei kjernefysisk bombe med Hiroshima-styrke blir sprengt over sentrum. Det radioaktive nedfallet til ei slik bombe — eller sprengningar andre stader, vil ha ka-

tastrofale følger for folka til dømes i Groruddalen, om dei som i dag er utan offentlige tilfluktsrom.

At folk som er midt i sprengningsfeltet vert drepne er ikkje noko argument mot sivilforsvar. Dette er som å gå mot trafikkisikring av di det likevel vil vera dødsulukker. I område der tilfluktsrom er sikra mot trykk og stråling og utstyrt med proviant og tekniske hjelpemiddel vil titusenvis av folk kunna redda livet. Dersom stat og kommune bygger ut den sivile vernebuinga kan også titusenvis av liv bli verja mot radioaktiv stråling frå ein kjernefysisk krig i Sentral-Europa.

Det er grovt uansvarleg av DNA-regjeringa og Høgre å bygga opp eit sivilforsvar som ikkje tek omsyn til at supermaktene kan nytta kjernefysiske våpen i ein krig. SV-leiinga er ikkje mindre uansvarlege, tvert om. Når redaktøren i Ny Tid, Steinar Hansson tek til orde for at midla til sivilforsvaret bør brukast til morfin for at folk skal få ein mindre smertefull død, er det utruleg naivt. Medan liv kan sparast ved ei kraftig opprusting av sivilforsvaret, tek han til orde for passivitet og medynksdrap i masseomfang.

RV krev at den sivile vernebuinga blir prioritert kraftig opp. Vi krev atomsikre tilfluktsrom i byar og utsette tettstadar. Evakueringsplanane må samordnast med dei militære operasjonsplanane. Turvande utstyr som gassmasker, måleinstrument for radioaktivt nedfall og anna utstyr for sivilforsvaret må kjø-

Dette tilfluktsrommet i Larvik er ikkje sikra for atomåtak. (Foto: Samfoto)



past inn. Direktoratet for Sivil Vernebuuing må få midlar til omfattande opplysningsmateriell til folk og det må gjennomførast realistiske øvingar der folk går i tilfluktsrom. Opplysningar og øvingar er viktig for å sleppe panikk på grunn av at folk er usikre, dersom det bryt ut ein krig.

Den svake økonomien til kommunane er eit hinder for utbygginga av den sivile vernebuuinga. Dette må først og fremst bli eit statleg ansvar og staten må skyta til det som er naudsynt for at kommunane kan bygga offentlege tilfluktsrom som held mål.

I dag manglar det planar for livsviktige områder. Forsyning av mat, drivstoff og husoppvarming er ein del eksempel. I regjeringa si melding om den sivile vernebuuinga fra i år er det ikkje stillt forpliktande mål for oppbygginga av dei naudsynt lagra og utviklinga av planane. RV krev at det i plan og utbyggingssarbeidet blir gitt korte fristar som heile tida kan kontrollereast.

RV krev

- **at den sivile vernebuuinga blir prioritert kraftig opp,**
- **atomsikre tilfluktsrom i byar og utsette tettstadar,**
- **midlar til omfattande opplysningsmateriell om sivil vernebuuing.**

Politisk verksemd i forsvaret

Det viktigaste i forsvaret er ikkje våpen, opplæring og utstyr, men kampviljen til soldatane. Denne er vilkåret for effektiv opplæring, for bruk av utstyret og avgjerande for kampevne i krig. Kadaverdisiplin, blind disiplin som ikkje bygger på forståing og innsikt, står i skarp motstrid til å styrke kampevna. Det er viktig og naudsynt at soldatane får diskutera den forsvarspolitiske stoda og dei forsvarsplanane dei inngår i. Sjølv sagt er det sikringsavgrensingar og avgrensingar når soldatane er i felt. Det er likevel eit viktig krav å gi tid og rom for politisk verksemd i dag.

RV går mot avgrensing av politisk verksemd i Forsvaret. Det finst ikkje noko «upolitisk» forsvaret. Vi krev at soldatane skal ha dei same demokratiske rettane som folk elles, fridom til tale, fridom til å organisera seg o.l. Ein viktig grunn til dette er kravet om at forsvaret ikkje skal nyttast mot folk i Noreg. DNA, Høgre og stortingsfleirtalet argumenterar for at forsvaret skal vera upolitisk for at det skal vera effektivt. Men dette snur tinga opp ned. Det er nett gjennom politisk diskusjon det er råd å auka effektiviteten. Det å gå inn i eit opplegg som ikkje er truverdig, er det som verkeleg undergrev forsvarsmoralen. Det slo til dømes negativt ut på forsvarsmoralen då engelskmennene ikkje var i stand til å vera ei avgjerande kraft i kampane mot tyskarane i Sør-Noreg i 1940. Dette ikkje

minst fordi heile forsvarsplanen sto og fall på dei engelske styrkane sin dugleik. Det er svikten i dei norske forsvarsplanane i dag som undergrev forsvarsmoralen. Det er særskilt viktig at diskusjonen om dette vert ført mellom dei som skal stå i fremste rekke om ein krig bryt ut.

Lovforbod mot å nytta våpen mot folket

RV går inn for eit lovforbod mto at militære skal kunna nyttast mot folket. Alta-aksjonen dokumenterte omfattande planar om bruk av militære styrkar og ressursar mot demonstrantane. Det er positivt at leiande offiserar tok til motmæle, og gjekk så langt at dei ville setja stillingane sine inn på at dette ikkje skulle skje. RV går inn for lovforbod, fordi det vil gi både offiserar og menning ei bra ryggdekking dersom dei blir kommandert ut mot grupper av folket. Vi har ingen illusjonar om at eit lovforbod i seg sjølv vil vera eit avgjerande hinder mot at valdsapparatet vil bli sett inn mot folk. Men motstandarane av eit slikt forbod vil verta tvinga til å stå fram. Ei slik lov vil samstundes vera eit viktig politisk argument dersom det kjem til handling.

RV krev grunnlovsfesta forbod mot kapitulasjon

Røynslene frå aprildagane i 1940 gjorde det naudsynt med eit lovforbod mot kapitulasjon for norske offiserar. Dette var heilt naudsynt utifrå mange døme på at offiserane la ned våpna og kapitulerte under felttoget. Det same kan skje på nytt, og denne lova har ei viktig politisk rolle. RV krev at den blir gjort til ein del av Grunnlova, slik at det ikkje er formelt mulig for Stortinget i ein pressa situasjon å gjera om lova. Endring av grunnlovsvedtak krev handsaming i to stortingsperioder, med val mellom, for å verta gyldig.

Naziforbod i forsvaret

Saman med krav om forbod mot nazistiske organisasjonar, krev RV at nazistar blir halde utanfor forsvaret. Det siste året har avslørt at nazistane utnyttar den opplæringa forsvaret gir til fascistiske terrorhandlingar. Vi krev eit lovforbod mot naziorganisasjonar som kriminaliserer dei og peikar dei ut til politietterforskning. Slike etterforskingar må samøyraast med dei militære rullane og rutinane for opptak til forsvaret. Dette gjeld også Heimevernet, slik at nazistane vert haldne utanfor.

Vi trykker her utdrag fra programmet til Rød Valgallianse, vedtatt på landsmøtet i april 1981.

1. FOR ET STERKT, UAVHENGIG FORSVAR — MOT SUPERMAKTENES KRIGSFORBEREDELSE

- **For et sterkt, uavhengig forsvar — Sovjet truer Norge**

De to supermaktene Sovjet og USA truer med å kaste verden ut i en ny stor-krig. Sovjet er i dag verdens mest aggressive militærmakt. I et oppgjør mellom supermaktene vil Norge være et klart angrepsmål. Vi krever at det bygges opp et sterkt, uavhengig forsvar, ikke et forsvar basert på NATO-styrker og NATO-kommando, knytta til USAs supermaktsinteresser. Norge må ut av NATOs felles kommandosystem. Vårt mål er et sterkt, uavhengig forsvar utafor NATO.

I dag går 70 prosent av investeringene i forsvarsbudsjettet til F-16-fly. Dette bygger på en feilaktig strategi, og styrker den norske forsvarsevnen lite. Vi krever i stedet stående styrker i Sør-Norge, og bedre luftvern våpen og panservern våpen. Vi krever kvinnelig verneplikt, og reelle muligheter til militær opplæring for kvinner over vernepliktig alder.

Vi støtter soldatenes krav om større demokratiske rettigheter, og går mot kadaverdisiplin i forsvaret.

Et slikt sterkt, uavhengig forsvar vil virke mer avskrekkende og være en bedre beskyttelse mot invasjon enn det statiske flyplassforsvaret vi har i dag. RV krever grunnlovsfesta forbud mot kapitulasjon fra regjeringas og generalstabens side.

Om vi blir angrepet og okkupert, vil RV arbeide for å reise det norske folket til en langvarig folkekrig mot okkupantmakta, den eneste veien til full frigjøring av landet.

RV krever utbygging av tilfluktsrom og budsjetter som hindrer forfallet av dem som finnes. Vi krever opptrapping av hele den sivile beredskapen, og går mot nedskjæringer av midler til Sivilforsvaret.

- **For en aktiv fredspolitikk — nei til atomvåpen
— supermaktene Sovjet og USA må ruste ned!**

Kravet om nedrustning må rettes til dem som i dag truer verdensfreden: Sovjet og USA, ikke til dem som trues med angrep og invasjon. Vi krever at super-

maktene ruster ned, både når det gjelder atomvåpen og konvensjonelle våpen.

Vi vil arbeide for fullstendig forbud mot atomvåpen, bakteriologiske og kjemiske våpen. Vi støtter kravet om atomfri sone i nordområdene, en sone som må inkludere de atomvåpnene som er retta mot Norden på Kola-halvøya og i Leningrad forsvarsdistrikt. Vi vil arbeide mot utplassering av nye sovjetiske og amerikanske atomvåpen i Europa, inkludert nøytronvåpen.

RV går mot forhåndslagring av amerikansk militært materiell i Norge.

Vi støtter alle rettferdige frigjøringskamper. Slike kamper svekker supermaktene og tjener dermed fredens sak. Det afghanske folket går i dag i spissen for kampen mot verdens verste angrepsmakt, Sovjet. Vi vil arbeide for politisk og materiell støtte til den afghanske frigjøringskampen.

2. FOR INTERNASJONAL SOLIDARITET

Vi støtter den væpna frigjøringskampen i Afghanistan og El Salvador, i Eritrea og Kampuchea. Vi støtter den tredje verdens kamp for nasjonalt sjølstyre og økonomisk uavhengighet. Kravet om en ny økonomisk verdensordning er en del av denne kampen.

Vi krever at regjeringa retter en kraftig advarsel til Sovjet mot å invadere Polen. Vi krever klar og konkret støttet til den uavhengige fagbevegelsen Solidaritet, både fra regjeringa og LO.

Vi støtter det tsjekkosllovakiske folkets kamp for nasjonal sjølråderett og demokratiske rettigheter.

RV støtter den kampen urbefolkninger og minoriteter verden over fører for sine rettigheter.

Vi krever at Norge anerkjenner PLO og bryter forbindelsene med den sionistiske staten Israel. Vi krever lovforbud mot alt økonomisk samkvem med Sør-Afrika. Ingen norsk u-hjelp til okkupert Vietnam.

TOM SIDE

TOM SIDE



Ein fredspolitik må bygga på kunnskap om årsakene til krig, på ei vurdering av kva krefter som trugar freden. Ellers blir fredspolitik blind, og kan til og med virka mot hensikta, skriv Per Gunnar Gabrielsen i dette heftet.

RV ønskjer eit sterkt, uavhengig norsk forsvar. Står det i motstrid til å verna freden? Er det rett å kreve kvinnelig verneplikt? Kva med kravet om ei atomfri sone i Norden? Korleis skal vi stille oss til SVs krav om eit forsvar utanfor NATO tufta på «Heimevernsmodellen»?

Desse og andre aktuelle spørsmål blir her drøfta av Per Gunnar Gabrielsen, formann i forsvarspolitisk utval i AKP(m-l). Heftet vil vere ei god handbok i valkampen.

(Foto: Samfoto)

Utgitt av
Rød Valgallianse,
Boks 211, Sentrum, Oslo 1
Tlf. (02) 41 40 32
Bernt Ankers gate 6 B

Kr. 10,-